Kapittel 11 Samanfatting og konkluderande merknader

11.0 Innleiing

I dette siste kapittelet vil eg forsøke å oppsummere og samanfatte dei ulike resultata eg har kome fram til i denne avhandlinga. Eg vil ta opp att dei spørsmåla som vart stilte i innleiings-kapittelet og sjå nærare på om vi har fått svar på i alle fall nokre av dei (jf. kap. 1, pkt. 1.1.3). For det første vil eg vurdere om dei igangverande endringane eg har funne på Røros og Tynset, let seg skildre innafor dialektnivelleringsmodellen – dvs. som utslag av ei horisontal, semi-vertikal eller vertikal nivellering (jf. kap. 3, pkt. 3.2.2). Vidare vil eg vurdere om dei endringstendensane vi har sett på Røros og Tynset, kan knytast til fenomenet språkleg regionalisering, og om det er grunnlag for å hevde at dei igangverande endringsprosessane har ført til framvekst av regionale talemål. Under dette vil eg vurdere om det er slik at rørosdialekten primært kan seiast å konvergere mot trondheimsmålet (eller trøndersk), medan tynsetdialekten primært kan seiast å konvergere mot oslomålet (eller "standard austlandsk"). Samtidig vil eg vurdere om det er slik som eg gjekk ut i frå, nemleg at endringsraten og endringsfarten er høgast på Tynset.

Eit anna viktig spørsmål som vart stilt innleiingsvis, og som blei formulert som ein nullhypotese, dreier seg om kva for tyding den geografiske utbreiinga av eit språktrekk har å seie for kor stabilt det aktuelle trekket er:

> H_o: Den geografiske utbreiinga av eit trekk tyder ingenting for kor stabilt/resistent eit språktrekk er.

Oppsummeringsvis vil eg altså sjå nærare på om eg på bakgrunn av analysane av talemålsutviklinga på Røros og Tynset kan avkrefte denne nullhypotesen, eller om han framleis står ved lag. I innleiinga stilte eg også spørsmål om kva *grunnane* til eventuelle endringar kunne vere. Sidan dette er ei sosiolingvistisk avhandling, har eg naturleg nok vore mest interessert i kva for *sosiale* forklaringar ein kan finne på dei språklege endrings-

prosessane i dei to lokalsamfunna. Eg har særleg vore oppteken av kva sosiokulturell orientering, identifikasjon med staden, haldningar til dialekten og ikkje minst tilhørsle i eller identifikasjon med ulike sosiale grupper har å seie for dialektbruken hos unge menneske på Røros og Tynset. Dette er spørsmål som særleg har vorte utforska i kapittel 9 og 10, og eg vil her forsøke å samle trådane og oppsummere dei konklusjonane som vart trekte i desse kapitla. Til slutt vil eg sjå på om avhandlinga har generert nokre nye, interessante forskingsspørsmål som kan danne utgangspunkt for vidare forsking.

11.1 Språkleg utvikling på Røros

Analysen av dei enkelte variablane i kapittel 8 viste at dei språklege endringsprosessane som er verksame på Røros, i hovudsak let seg godt skildre innafor dialektnivelleringsmodellen. Modellen fangar etter mi meining opp dei ulike påverknadskreftene som er i sving, og synleggjer kompleksiteten i endringsprosessen. Samtidig gjekk det fram i kapittel 8 at utviklinga av nokre få av dei lokale dialekttrekka kanskje vel så godt let seg skildre som språk-internt motiverte utviklingar, som eit resultat av nivellering mellom konkurrerande variantar (jf. t.d. pkt. 8.8 og 8.9). Det er likevel gode grunnar til å tru at dei fleste endringane kan tilskrivast kontakt og nivellering, og ikkje indre tildriv i språket. Dermed er det også mest interessant og relevant å leite etter forklaringane på den variasjonen og dei endringane vi finn, i sosiolingvistiske forhold.

Slik det gjekk fram av gjennomgangen av dei ulike variablane i kapittel 8, er det svært få enkelttrekk som utviklar seg i ei klart regional retning for Røros sitt vedkomande. Apokopen spreier seg ikkje – korkje i historiske overvektsord eller i historiske jamvektsord, slik ein kunne vente dersom Trondheim danna mønsteret for utviklinga på Røros. Formene *vær* og *gjør*, som ser ut til å vere ekspansive i yngre trondheimsmål, kan ikkje utan vidare takast til inntekt for at former med apokope spreier seg, og det finst ingen *andre* døme på spreiing av apokoperte former ved historiske jamvekstinfinitivar (jf. pkt. 8.6). Samtidig kan ein sjølvsagt ikkje utelukke at auka bruk av apokoperte former i desse jamvektsinfinitivane, *kan* vere ei trondheimsinspirert utvikling.

Rørosmålet følgjer til dels trondheimsmålet når det gjeld utviklinga av bøyings-endingane i bestemt og ubestemt form fleirtal. I bestemt form fleirtal har nominativsforma *-an*

teke over for dativforma *-om*, men er ikkje ekspansiv på kostnad av dei alternative nominativs-formene *-a* og *-en*. I ubestemt form fleirtal ser vi ein svak tendens til analogisk spreiing av *-a*-ending til former som opphavleg har hatt anten apokope eller ei utjamningsform i ubestemt form fleirtal. Det er likevel såpass få tilfelle det her er snakk om at ein knappast kan konkludere med at *-an* og *-a*-endingane meir generelt er på frammarsj, slik ein meiner at dei er t.d. i Trondheim (jf. Dalen 1990b). Dette er dessutan ei utvikling også i Nord-Noreg, så ein kan ikkje utan vidare slutte at Trondheim er påverknadskrafta her. Kan hende er det her meir tale om internspråklege utviklingar, med forenkling av bøyingskategorien. Men den støtta desse trekka har i trondheimsmålet og i Trøndelagsregionen generelt, kan likevel vere ein viktig faktor for å forstå kvifor desse trekka held seg så godt som dei gjer.

Grensa mellom *-a* og *-er* i ubestemt form fleirtal går, som nemnt, like sør for Røros. Det at dette trekket er så stabilt og ikkje blir nivellert i retning av naboane i sør og oslomålet, har truleg samanheng med at *-a* er fleirtalsforma i Trondheim og også elles i Trøndelag. Også andre morfologiske trekk som har støtte i Trondheim og i andre regionar, held seg godt på Røros. Sterke og svake presensformer opptrer stort sett i den tradisjonelle forma (jf. pkt. 8.10 og 8.11). Det same gjeld supinumsformene (jf. pkt. 8.12). Trønderforma *itt* [ic:] og austnorsk trykkplassering i importord er også stabile trekk i rørosmålet (jf. pkt. 8.4 og 8.5). Det same gjeld former med *k/kv* i spørjeord og pronominale adverb (jf. pkt. 8.15). Trondheimsstøtta og den generelle støtta i regionen er truleg viktige faktorar for bevaringa av alle desse språktrekka, og altså for den relative resistensen til desse trekka. Den særskilde Røros-*s*-en, som er eksklusiv for Røros og, som altså ikkje har noka støtte i andre trønderske mål, er det *minst* stabile dialekttrekket på Røros (jf. pkt. 8.1). Trondheimsforma av det personlege pronomenet *æ* er ikkje på frammarsj på Røros, og heller ikkje standardforma *jæi*. Tvert om held rørospronomenet *je* seg bra (jf. pkt. 8.13). Vi kan altså konkludere med at tradisjonelle former som har støtte i trondheimsmålet og i Trøndelagsregionen, er relativt resistente, men at særskilde Trondheims-/trønderformer som apokope og det personlege pronomenet *æ ikkje* spreier seg på Røros.

Dersom vi ser nærare på utviklinga av dei palatale alveolarane, kan vi kanskje likevel sjå tendensen til noko som kan tolkast som ei regional utvikling. Lange palatale lateralar og i noko meir avgrensa grad lange palatale nasalar, ser i aukande grad ut til å bli erstatta av ein postalveolar lateral og nasal, og ikkje av dei tilsvarande alveolare standardformene (jf. kap. 8,

pkt. 8.2). Dei postalveolare formene blir gjerne oppfatta som litt "avslipte" palatalar, og fungerer som mellomformer både språkleg og sosialt. Framveksten av slike mellomformer er rapportert også frå andre område, og er såleis ikkje ei særskilt utvikling for Trøndelag. Likevel er det ikkje urimeleg å tolke det faktum at slike mellomformer blir valde framfor dei tilsvarande standardformene, som døme på ei særskilt regional utvikling. Sjølve *prosessen* er kan hende utslag av ei delvis vertikal nivellering mot oslomålet/standardtalemålet, og ikkje nødvendigvis ei nivellering mot trondheimsmålet eller andre trønderske dialektar, men resultatet er like fullt at rørosmålet nærmar seg trondheimsmålet ved dette språktrekket. Det er dessutan heller ikkje urimeleg at Trondheim *kan* vere normeringsinstansen her, og at Trondheim altså fungerer som ei "femtekolonne" for standardtalemålet i Trøndelag. Sjølv om Trondheim får sine impulsar frå Oslo, vil desse språklege impulsane silast gjennom lokale filter og dermed kunne framstå som forskjellige frå utgangspunktet. *Resultatet* er altså at vi får ei eiga regional utvikling både i Trondheim og på Røros som *ikkje* er i samsvar med standard-talemålet.

Samla sett er det ikkje tvil om at dialektutviklinga på Røros snarare går i ei *regional* trøndersk retning enn i retning av Oslo-/standardtalemålet. Dei ulike kreftene som er verksame i denne prosessen, er nok likevel både horisontale, semi-vertikale og vertikale. Ein kan altså ikkje utelukke at *både* Oslo og Trondheim fungerer som språklege ideal og kraftsentrum i forhold til Røros. Vi kan på den måten seie at det skjer ei regionalisering av talemålet på Røros som dels har sin bakgrunn i "halvvegs" standardisering, og dels i bevaring/ekspansjon av regionalt utbreidde former. Førebels er det, etter mi meining, likevel ikkje grunnlag for å hevde at det har vakse fram eit særskilt regionalt talemål på Røros. Til det er den språklege variasjonen på Røros for stor. Scenarium 1 i modellen til Auer & Hinskens (1996) er såleis det som skildrar språksituasjonen på Røros best (jf. figur 3.1 i kap. 3, pkt. 3.2.2).

Generelt er dei rørostrekka som har vidast geografisk utbreiing meir resistente enn meir lokalt avgrensa former. Den heilt lokale Røros-*s*-en – røros-sjibboletten – er det språktrekket som er aller mest utsett for nivellering på Røros (jf. kap. 8, pkt. 8.1). Dermed kunne ein konkludere med å forkaste nullhypotesen om at geografisk utbreiing ikkje har innverknad på kor resistent eit språktrekk er. Men det er likevel eitt trekk, som tradisjonelt har vore svært utbreidd i norske dialektar, som kompliserer dette biletet noko. Det er den palatale uttalen av lange alveolarar og alveolarsamband. Trass i stor geografisk utbreiing er dette blant dei minst

resistente språktrekka på Røros (jf. pkt. 8.2). Sjølv om palatalane er svært utbreidde geografisk – i alle fall tradisjonelt sett – er dette gjerne eit trekk som særleg blir assosiert med trønderar.[211] Det er dessutan eit språktrekk som gjerne blir vurdert som "breitt" og som blir assosiert med noko ruralt og "bondeaktig" (jf. kap. 6, pkt. 6.1.2, pkt. 8.2 og kap. 9, pkt. 9.2.3). Dermed går kanskje sosial vurdering framfor geografisk utbreiing når det gjeld dette trekket.

11.2 Språkleg utvikling på Tynset

Språksituasjonen på Tynset kan, som eg har vore inne på fleire gonger i avhandlinga (jf. t.d. kap. 2, 3, 8 og 9), ikkje *berre* forståast som utslag av vertikale og horisontale nivelleringsprosessar, men har truleg også opphav i koineiseringsprosessar i samband med framveksten av stasjonsbyen på slutten av 1800- byrjinga av 1900-talet.[212] Dialektnivelleringsmodellen fangar altså ikkje like godt opp alle dei prosessane som har vore verksame på Tynset, og er kanskje ikkje like veleigna for å skildre endringsmønstra på Tynset som på Røros. Eg vil likevel hevde at dialektnivelleringsmodellen i alle fall kan brukast til å skildre dei utviklingstendensane som gjer seg gjeldande blant ungdom på Tynset *i dag*.[213] Eg meiner dessutan at det *ikkje* er rimeleg å skildre tynsetdialekten slik han framstår i dag, som ein koiné.[214] Både koineisering og regional dialektnivellering er dialektkontaktfenomen som har mange fellestrekk, og det er ikkje umiddelbart klart i alle høve kva som best let seg skildre som kva (jf. kap. 3, kap.

---

[211] Sjølv om den geografiske utbreiinga til eit språktrekk i prinsippet er eit objektivt kriterium, er det likevel, som Auer m.fl. (1998) påpeiker, slett ikkje sikkert at språkbrukarane sin kunnskap om den geografiske distribusjonen til dette trekket er identisk med dialektologens objektive data (jf. kap. 3, pkt. 3.2.2).

[212] Innflyttinga var likevel ikkje like stor på Tynset som i industristader som Høyanger, Tyssedal og Odda, og den situasjonen som oppstod i kjølvatnet av etableringa av rørosbanen var derfor ikkje prega av like intens dialektkontakt og like store sosiale og kulturelle omveltingar som i desse andre bygdebyane (jf. kap. 2, pkt. 2.2). I 1916 budde det t.d. 120 menneske inst i Høyangsfjorden i ei isolert jordbruksgrend, og drygt 20 år seinare budde det 2300 innbyggjarar i den moderne industristaden Høyanger (jf. Solheim 2002). Sjølv om det skjedde store endringar i samfunnsstruktur og folkesamansetnad også på Tynset, var ikkje endringane like dramatiske her. I 1870-90 åra budde det rundt 3000 menneske i Tynset kommune, og på dei 30 neste åra steig folketalet til 4000. Det var med andre ord relativt mange innbyggjarar med ein fokusert dialekt på Tynset før etableringa av jernbanen. Men mange av innflyttarane hadde ein sosial bakgrunn som gav dei høg status blant tynsetingane, og få, men sosialt framståande agentar kan, som vi veit, ha stor påverknadskraft både språkleg og på andre måtar.

[213] Eg finn bl.a. støtte for dette synet hos Randi Solheim (2002), som meiner at utviklinga av høyangerdialekten blant unge i dag er meir i tråd med dei generelle regionaliseringstendensane ein finn elles i fylket, og ho spår at språkutviklinga framover vil vere meir i samsvar med dei allmenne tendensane i den norske talemålsutviklinga.

[214] Historisk sett er det dessutan faktisk meir rimeleg å kalle rørosmålet for ein koiné. Rørosmålet har sitt utgangspunkt i ein koineiseringsprosess som tok til med framveksten av gruvedrifta og etableringa av Røros som bergstad i siste halvdel av 1600-talet (jf. kap. 2, pkt. 2.1). Rørosmålet etablerte seg altså som bymål langt tidlegare enn tynsetmålet.

3.2.1.1). Forskjellen mellom koineisering og dialektnivellering i den tydinga omgrepa blir brukte i denne avhandlinga, er først og fremst at *intensiteten* i kontakten og graden av språkleg *heterogenitet* i kontaktområda, er temmeleg ulik.[215]

Slik det gjekk fram av gjennomgangen av variablane i kapittel 8, har både palatale alveolarar, nektingsadverbialet *itte*, jamningsformer og pronomen med *k-/kv-/h-* for lengst gått ut av bruk på Tynset (jf. pkt. 8.2, 8.4, 8.6 og 8.15). Palatalane har ikkje gått over til mellomformer som på Røros, men har vorte skifta ut med dei tilsvarande alveolare variantane. Det er rimeleg å tru at dette skjedde som ledd i målbrytinga tidleg i førre hundreåret, sidan informantar fødde på 1940-talet heller ikkje har desse formene. Det same gjeld for dei andre variablane som er nemnde ovafor.

Realiseringa av *ei* i ord som *heme* og *rese* er likevel døme på ein variabel som kan tolkast inn i dialektnivelleringsmodellen (jf. pkt. 8.3). Ved denne variabelen dominerer den opphavlege monoftongerte varianten blant dei vaksne tynsetinformantane, medan variantar med diftong dominerer hos ungdomen. Her er det altså truleg ei vertikal nivellering på gang. Ord som har monoftong også i det konservative standardtalemålet, som *vet* og *ble*, bevarer vel å merke monoftong også blant tynsetungdomen. Det er altså ikkje her snakk om nokon systematisk fonologisk endringsprosess, men ei utskifting av enkelte avstikkande og til dels stigmatiserte leksikalske former med dei tilsvarande standardformene.

Også sterke supinumsformer, apokope og presens av svake og sterke verb blir i nokon grad utsett for vertikal nivellering blant enkelte av tynsetungdomane – særleg dei sterke supinumsformene (jf. pkt. 8.12, 8.7, 8.10 og 8.11). Men desse morfo(fono)logiske variablane er, i tillegg til substantivbøyinga i bestemt form fleirtal, likevel relativt stabile trekk også hos dei unge (jf. 8.8). Det same gjeld for dei lokale variantane av tredje person personleg pronomen og trykkplassering i importord (jf. 8.14 og 8.5). Men enkelte av dei unge byter, som vi har sett, også her dei lokale variantane ut med korresponderande standardvariantar.

---

[215]Som diskutert i kapittel 3 gjeld koineisering først og fremst smeltedigelprosessar som oppstår når mange menneske med ulik dialektbakgrunn kjem saman i eitt område og ein ny dialekt oppstår, medan dialektnivellering skildrar målbrytingsprosessar i område der det allereie er eit visst innbyggjartal og ein etablert lokal dialekt. Resultatet av dei to prosessane kan likevel ofte vere ganske likt, sjølv om prosessane sosialt sett altså er svært ulike. Reint språkleg består både koineisering og dialektnivellering av blanding, veksling og val mellom konkurrerande variantar. Koineisering inkluderer også forenkling, og føreset ikkje som nivellering at det er fleire variantar til val på den språklege marknaden (jf. kap. 3, pkt. 3.2.1.1).

Ein særleg interessant variabel i høve til dialektutviklinga på Tynset i dag er bruken av førstepersonpronomenet. Dei vaksne bruker stort sett den lokale varianten *je*, men enkelte vekslar også mellom *je* og *jæi* (jf. pkt. 8.13). Dei fleste av dei unge bruker berre *jæi*, men nokre vekslar mellom *je* og *jæi*. To gutar, begge stasjonsryssar, bruker likevel stort sett berre *je*. Vi ser altså at både den lokale forma og standardforma er i omløp hos dei unge på Tynset, men at det er ei tydeleg vertikal nivellering på gang. Den tradisjonelle forma *ei* forsvann truleg ut av bruk i samband med målbrytinga på byrjinga av 1900-talet og blei erstatta med den meir utbreidde regionale forma *je*.

Vi har altså sett at ein del morfologiske former er relativt stabile på Tynset, men at fonologiske, leksikaliserte og leksikalske former blir nivellerte i høve til Oslo-/standard-talemålet. Det er liten tvil om at talemåla på det sentrale Austlandet, med Oslo i spissen, representerer det språklege idealet og den viktigaste påverknadskjelda på Tynset. Dialekt-nivelleringa på Tynset består såleis for ein stor del av vertikal nivellering kombinert med bevaring av enkelte lokale morfo(fono)logiske trekk. I eit større perspektiv *er* det likevel mogleg å seie at den språkutviklinga vi ser på Tynset, i likskap med andre plassar på Austlandet, kan kallast for ei austlandsk regionalisering med klare innslag av standardformer. Eg vil også hevde at det gir større meining å snakke om framvekst av eit meir regionalt basert talemål på Tynset enn på Røros.

Fleire av dei trekka som har vorte eller blir nivellerte på Tynset, har relativt vid geografisk utbreiing. Det gjeld både palatalane, nektingsadverbialet *itte* og ikkje minst det personlege pronomenet *je*. Felles for desse trekka er likevel at dei er relativt stigmatiserte og at dei gjerne blir assosierte med typisk rurale verdiar – i alle fall i osloområdet. Sosial utbreiing ser altså i desse tilfella ut til å vere viktigare enn den geografiske utbreiinga. Monoftongering av *ei* i ord som *rese* og *heme*, som er blant dei trekka som blir hyppigast nivellerte på Tynset i dag, har ei relativt avgrensa geografisk utbreiing. Samtidig er dette eit trekk som også er relativt stigmatisert, og som gjerne blir tillagt dei same verdiane som *je* og *itte*. Det kan altså sjå ut til at sosial posisjon er viktigare enn geografiske utbreiing, og at geografisk avgrensa trekk ofte også er dei som fungerer mest sosialt differensierande.

Enkelte av dei trekka som har vorte eller blir nivellerte på Tynset, kan skildrast som meir typisk trønderske enn austnorske trekk. Det gjeld særleg utjamningsformene og palatalane. Språkleg har altså tynsetmålet klart fjerna seg frå nabomåla i nord, noko som truleg

heng saman med at orienteringa mot Trondheim og Trøndelag ikkje er vidare sterkt til stades. Denne tendensen såg Reitan allereie i 1926 då han peikte på at: "I våre dagar vil vel "byen" helst seie Oslo, i det minste millom ungdommen, og den språklege påverknad på Tynnsetmålet ser no ut til å vera større frå sør enn frå nord" (Reitan 1926:7) (jf. kap. 2, pkt. 2.4). Likevel står den "trønderske" fleirtalsendringa *-an* i bestemt form av hankjønns- og hokjønnssubstantiv framleis sterkt på Tynset.[216] Dette er eit trekk vi ikkje finn i austlandske målføre utafor Østerdalen (jf. pkt. 6.1.8). Dette trekket går såleis imot den generelle austlandske regionaliseringstendensen og gir tynsetmålet eit særskilt preg som skil det frå andre austlandske målføre.

11.3 Kva seier ungdomane sjølve?

Som diskutert i kapittel 3, pkt. 3.2.3.3, er ikkje språkendring nokon sjukdom som går til angrep på språket frå tid til anna. Tvert imot er det ein høgst normal prosess. Likevel er det kanskje mest vanleg å oppfatte stabilitet og einskap som det ideelle og "sunne", og språkvariasjon og språkendring som noko ein bør kjempe imot. Ein slik puristisk tankegang har hatt stort gjennomslag blant folk flest – også på Røros og Tynset. Mange vaksne på begge plassane ser ut til å meine at ungdomen ikkje snakkar "skikkeleg" eller "ekte" dialekt lenger. Dette er også ei vanleg oppfatning blant ungdomen sjølv. Det spørsmålet som då melder seg, er *kva* "skikkeleg" rørosdialekt og "skikkeleg" tynsetdialekt eigentleg er.

Dersom ein spør ungdomane på Røros, seier dei fleste dei snakkar ein "endra", "forfina" eller "blanda" variant av rørosdialekten, men at dei framleis snakkar *litt*, om ikkje heilt "ekte", rørosdialekt. Eit lite utval av svara frå enqueten illustrerer dette:

> Vi ungdommene har fått en forfining av rørosdialekta. Men vi har da noen ord som "spikjipølse", "pjalt" og "lemse"...".
>
> Dialekta på Røros er i ferd med å forsvinne. Jeg kjenner ikke mange som snakker "ekte" rørosdialekt. Jeg antar at det er mange innflyttere her, og dessuten blir dialekta påvirket fra andre områder.
>
> Det er nesten ingen her i klassa som kan å snakke "riktig" dialekt. Det er ei "salig blanding" mellom bokmål og dialekt. De som vil prøve å beholde dialekta her på Røros, har en meget stor oppgave.

[216] Denne fleirtalsendinga er svært utbreidd både i trønderske og i nordnorske talemål, men i denne samanhengen er det likskapen med trøndersk som er det sentrale.

> Jeg sitter med inntrykk av at rørosingene er flinkere til å ta vare på dialekten sin enn tynsetingene. (I alle fall ungdomene). På Tynset prater de tilnærmet likt bokmål, mens på Røros er det en spesiell dialekt.

Ungdom på Tynset ser stort sett ut til å vere samde i at dialektbruken på Tynset er på veg ut. Påfallande mange av svara i enqueten tyder på at ungdomane anten er usikre på om det finst ein eigen tynsetdialekt lenger, eller dei meiner at han er borte. Dei meiner samtidig at det *har eksistert* noko ein kunne kalle for ein eigen tynsetdialekt. Denne dialekten blir framleis halden i hevd blant eldre menneske, men er så å seie borte blant ungdom. Dette tyder på at førestillinga om at ein meir opphavleg og genuin dialekt har eksistert, står svært sterkt, og at det ungdomen snakkar i dag, ikkje kvalifiserer for merkelappen tynsetmål. Eit utval av svara frå tynsetungdomen illustrerer dette:

> Den eksisterer ikke, bare hos gamle folk og et par bønder.
>
> Jeg har ingen formening om hva som er typisk for dialekten, jeg er ikke helt sikker på om det eksisterer noen "Tynset-dialekt", lenger.
>
> Har ikke en anelse. Har skjelden (eller aldri) hørt den.
>
> Vet ikke. Har aldri hørt noen snakke en spesiell tynsetdialekt.
>
> Dialekten er preget av sentralisering, dvs den er veldig utvaska. Nesten ingen som snakker dialekt som besteforeldre m.m.
>
> Dialektbruken blant ungdommer på Tynset er på tur ut. Mange snakker mer i retning av bokmål enn før. "Besteforeldregenerasjonen" har beholdt dialekten mye bedre. Først når du hører på de, hører du forskjellen på dialekten før og nå. Bygdene har allikevel beholdt dialekten bedre enn i "sentrum".
>
> Dialekta synes jeg at vi hører svært lite av blant ungdommen. Den blir mer og mer borte for hver generasjon.

Det ungdomane seier om språkutviklinga på høvesvis Røros og Tynset, stemmer i og for seg relativt godt med det eg har kome fram til i denne avhandlinga – altså at endringane i høve til den *tradisjonelle* dialekten er større på Tynset enn på Røros. Forklaringane på *kvifor* det er slik, er mange, noko eg vil kome attende til om litt. Men først litt meir om kva det vil seie at røros- og tynsetungdomen ikkje snakkar "skikkeleg" dialekt lenger.

Sett med puristiske auge kan ein hevde at røros- og tynsetdialekten – med dei endringane dei har gjennomgått – er i sterkt forfall, og at det no knappast finst noko ein med rette kan kalle for ein genuin rørosdialekt eller genuin tynsetdialekt blant ungdom på dei to plassane. Dersom ein derimot vel å sjå på språk og dialektar som *dynamiske* storleikar i stadig endring, vil ein *ikkje* kunne hevde at røros- og tynsetdialekten, slik den til dømes blir snakka av eldre

språkbrukarar, er noko meir "ekte" eller "korrekt" enn den ungdomen på Røros og Tynset snakkar i dag. På *språkbruksnivået* vil også ungdomen sitt talemål kunne karakteriserast som rørosdialekt og tynsetdialekt – trass i at det har gjennomgått store endringar i høve til besteforeldregenerasjonen. På *normidealnivået*, derimot, er det slett ikkje sikkert at røros- og tynsetdialekten har ein like klar plass, slik det gjekk fram av svara frå enqueten ovafor. Dei språklege normideala har vel å merke ein tendens til å vere nokså konservative – utan omsyn til kva som skjer i faktisk språkbruk. Derfor oppstår det ofte ein slik diskrepans mellom språkbruks- og normidealnivået (jf. kap. 3, pkt. 3.2.3.1).

Truleg er det slik at kvar tid og kvar generasjon må definere kva som skal *gjelde som* "rørosdialekt" og "tynsetdialekt". Tradisjonelt har nok ein puristisk språkideologi som tillet relativt lite knot eller blanding, vore dominerande – ikkje berre på Røros og Tynset, men også i resten av landet. Men i eit samfunn der folk har vorte mykje meir mobile både geografisk og sosialt, må vi kanskje i større grad akseptere at dialektane blir meir "oppblanda". Denne "salige blandinga" som enkelte kallar det, vil likevel kunne fungere som identitetsmarkør – og som markør for lokal og/eller regional tilhørsle. Rørosmålet og tynsetmålet slik det arta seg for hundre år sidan, har nok definitivt måtte vike for "nyare røros- og tynsetmål". Om desse nye måla skal aksepterast som "gode nok", blir det opp til dei framtidige innbyggjarane på Røros og Tynset å avgjere.

11.4 Samanlikning av Røros og Tynset

Vi har sett at dei regionaliseringsprosessane som går føre seg på Røros og Tynset i dag, både er prega av *dialektnivellering* og *forenkling,* eller homogenisering, av bøyingsmorfologien. Vi har også sett at der nivelleringa av rørosdialekten har eit meir regionaltrøndersk resultat, har nivelleringa på Tynset eit meir regionalaustlandsk og til dels standardmålsprega resultat. Det ser altså definitivt ut til at dialektane på dei to plassane snarare blir meir *ulike* enn meir like. Den språklege utviklinga fører altså til at skiljet mellom dei to dialektane blir tydelegare og at dei snarare orienterer seg mot kvar sine regionar enn mot ein felles region. Det såkalla fjellregionssamarbeidet vil kanskje medverke til å styrke det næringsmessige hopehavet og dei kulturelle banda mellom rørosområdet og kommunane i Nord-Østerdalen, men etableringa av

Fjellregionen vil neppe bringe Røros og Tynset noko nærare kvarandre reint språkleg (jf. kap. 2, pkt. 2.3).

Vi har sett at dei språklege forskjellane mellom Røros og Tynset kan sporast attende til det førre hundreåret. Etableringa av Stasjonsbyen på Tynset er nok ei viktig forklaring på dei store forskjellane mellom Røros og Tynset. Men dette er nok likevel ikkje heile forklaringa. Den etnolingvistiske vitaliteten – dvs. graden av positiv identitetskjensle knytt til staden – er opplagd nokså ulik på dei to plassane (jf. kap. 2, 5, 9). Røros og Tynset har temmeleg ulik status som "stad" både i lokalbefolkninga sitt medvit og i det nasjonale medvitet. I denne studien har vi sett ganske klart at det er ein generell tendens til at ungdom på Røros er meir medvitne om og stolte av heimplassen og dialekten sin enn det tynsetungdomen er. Både Bergstaden og rørosdialekten blir av dei aller fleste ungdomane skildra som spesiell, og som noko det er verd å ta vare på. Ei slik positiv identitetskjensle og positive haldningar til heimplassen og dialekten kan vere med på å demme opp for endringar, både språkleg og kulturelt. Dette er nok ein vesentleg del av forklaringa på kvifor rørosdialekten er såpass resistent som han er. Informanten Ina frå Tynset seier til dømes: *"det gir deg sånn 'identitet å snakke rørosing"*. Litt seinare seier ho: *"vi har ikke noe sånn noe å vår stolt av på Tynset som dæm har på Røros"* (…) *en rørosing er en rørosing men en tynseting er noe litt mer udefinerbart det finnes mange sånne som meg"* (jf. kap. 10, pkt. 10.2.3.2). Denne siste utsegna fangar opp mykje av motsetnaden mellom dei to plassane: Røros, gruvebyen med den fascinerande historia og den spesielle arkitekturen kontra Tynset, stasjonsbyen med den store sparken og det mange ser på som det "stygge" rådhuset (jf. kap. 2, pkt. 2.2.2).

Både Røros og Tynset var gjenstand for ei ny innflyttingsbølgje på 1970-talet. Desse innflyttarane, som for ein stor del hadde ein urban bakgrunn, ser ut til å ha hatt større språkleg påverknadskraft på Tynset enn på Røros. Det kan vere fleire grunnar til dette. Ein sentral faktor er nok at dei historiske og sosiale føresetnadene var noko ulike – bl.a. pga. ulike innflyttingshistorier. Sidan ein allereie hadde hatt ei større innflyttingsbølgje relativt nyleg på Tynset (dvs. rundt det førre hundreårsskiftet), vann truleg innflyttaranes språk og kulturelle preferansar lettare innpass i det lokale miljøet her enn på Røros. Røros har lange – og stolte – tradisjonar som bergstad, og står kanskje derfor meir imot påverknad utafrå. Tynset, derimot, vart i samband med jernbaneutbygginga eit meir ope og eksosentrisk samfunn, og dermed

også meir mottakeleg for språklege påverknader utafrå (jf. diskusjonen om eksosentrisk kontra endosentriske samfunn i kap. 4).

Den manglande lokalpatriotismen som mange av tynsetinformantane i denne granskinga uttrykkjer (jf. kap. 10), kan kanskje dels forståast på bakgrunn av innflyttingsbølgjene i 1890- og 1970-åra. Innflyttinga medverka til ei splitting av lokalsamfunnet og rokka ved gamle kulturmønster, tenkemåtar og levesett. Tilknytinga til staden var gjerne ikkje så sterk hos innflyttarane, som oftast kom frå og orienterte seg mot urbane miljø, som hos dei innfødde tynsetingane. Denne splittinga i kombinasjon med at urbane verdiar generelt har høg status i samfunnet, har ført til at nye generasjonar tynsetingar også orienterte seg mot byen og det urbane, sjølv om dei vaks opp på Tynset. Dette kan igjen forklare kvifor nye språkimpulsar utafrå lettare har vorte tekne opp i tynsetmålet, og at lokale dialekttrekk lettare blir valde bort i dagens nivelleringsprosessar. Moen (1977:190f) seier t.d.:

> Det sosiale og kulturelle verdigrunnlaget og de livsformer som en finner på slike steder som Tynset (Tynset er neppe i noen særstilling) blir forskjellig fra det en finner i det typiske grendesamfunnet. Dette peker bl.a. vår studie av sosiale nettverk tydelig på. En kan finne flere eksempler på at det sosiale og kulturelle verdigrunnlaget blant tettstedsbeboerne på enkelte måter har et helt annet preg enn blant tynsetinger ellers. Særlig kommer dette fram ved at *stedstilknytningen for mange tettstedsbeboere ikke er så sterk*. Dette har sin naturlige bakgrunn i at mange er innflyttere til Tynset, og derfor kanskje *ikke direkte har følelse for eller identifiserer seg med lokalkulturelle forhold*. Dette har blant annet virket inn på språket. Det lokale språket (dialekten) mister i slike tilfeller sin funksjon. På Tynset ser vi dette forholdet ganske tydelig. "Stasjonsmålet" om vi kan kalle det det, er så å si fri [sic.] for ord og uttrykk som hører til det tradisjonelle Tynsetmålet. (Mine uthevingar).

Også Røros er ein stad som har hatt relativt stor innflytting det siste hundreåret (særleg frå 1970-åra, men også tidlegare). Likevel har vi ikkje hatt den same utviklinga her som på Tynset. Grunnen til dette ligg, som nemnt ovafor, mest sannsynleg i den sjølvbevisstheita rørosfolk har kring eiga historie og eigen kultur. Det er dessutan "salet" av denne historia og kulturen rørossamfunnet for ein stor del lever av i dag (jf. kap. 2, pkt. 2.1.2). Dermed er det viktig å ta vare på og dyrke det som blir oppfatta som det genuine og ekte. Ein "stad" er, som diskutert i kapittel 5, ikkje berre ein konkret geografisk og fysisk lokalitet, men har også eit bestemt sosialt og kulturelt innhald. "Staden" knyter fortida og notida saman, og representerer på den måten kontinuitet og tradisjon. Den dialekten som tradisjonelt blir knytt til ein stad, har i dette biletet eit viktig potensiale som symbolsk uttrykk for lokal historie, kultur og tradisjon. Overført til Røros kan vi seie at det å ta vare på rørosdialekten er ei viktig "vare" i den moderne "tradisjonsbevaringsøkonomien", der også bevaring av andre tradisjonelle kultur-

uttrykk og lokale rørosiske spesialitetar inngår. Tynset lever ikkje på same måte av å selje si historie og sin kultur. Dermed finn vi heller ikkje den same sterke motivasjonen for tradisjonsbevaring her som på Røros. Det at mange openbert set pris på og ønskjer å ta del i den turisttilpassa røroshistoria, rørostradisjonane og rørosarkitekturen, gir igjen føde til auka stoltheit, sjølvmedvit og positiv identitetsoppleving. Her ser vi altså ein positiv sirkelverknad som ikkje på same måten er til stades på Tynset. Likevel kan det godt hende at det også på Tynset vil bli vekt eit større medvit kring lokale tradisjonar, inkludert språk, som ledd i meir anti-globaliserande trendar (jf. kap. 5, pkt. 5.2.1). Moen (1977:192) meinte t.d. at det var i ferd med å skje ei revitalisering av lokal-kulturelle uttrykk allereie for 25 år sidan:

> Sjøl om urbane livsformer og verdier vinner innpass på bekostning av verdier og leveformer som har sitt utspring i bygdemiljøet og bygdekulturen, kan en finne visse tegn på at det er en påvirkningsstrøm andre veien også, fra bygda til tettstedet. Vår intervjurunde avslørte at folk svært ofte samlet på gamle ting og gjenstander som mer eller mindre er produkter av bygdekulturen. […] En kan tolke dette som en voksende identifikasjon med lokalkulturen.

Sjølv om dialektendringane altså ikkje er så store på Røros som på Tynset, er det likevel vesentlege endringar i frammarsj også her – særleg i visse sosiale grupper. Granskinga mi har vist at det er ei klar differensiering mellom ungdom som er meir lokalt orienterte, og ungdom som er meir urbant orienterte – både på Røros og Tynset. Det er dessutan ei svært klar differensiering mellom mobil og ikkje mobil ungdom, urban og tradisjonell livsstil, akademisk og ikkje-akademisk bakgrunn og mellom ulike ungdomsgrupperingar. Motsetnaden er særleg stor mellom gruppa bus/rånar på den eine sida og gruppa soss/skatar på den andre. I korrespondanseanalysane i kapittel 9 går det fram at språkval og språkbruk blant dei unge på Røros og Tynset går langs ein *mobilitets-/lokalitetsakse* og ein *modernitets-/tradisjonsakse*. Desse analysane viste at det utkrystalliserer seg særskilde aktivitets- eller livsstilsfelt der hovudkontrasten går mellom ein meir moderne, urban livsstil og ein meir lokalt basert, tradisjonell livsstil. Granskinga har også vist at det først og fremst er *gutar* som er både dei mest og dei minst tradisjonelle språkbrukarane. Hovudskiljet går med andre ord ikkje mellom jentene og gutane, men internt mellom gutane. I tillegg til dette har korrespondanseanalysane av dei unge og dei vaksne informantane samla sett vist at alder og foreldrebakgrunn er viktige dimensjonar i forhold til bruk av lokale kontra nivellerte former. Familien er altså framleis ein viktig språkleg norminstans, trass i den generelle frikoplinga frå familieband og tradisjonar som, ifølgje bl.a. Giddens (1996), er karakteriserande for det post-tradisjonelle samfunnet.

Avhandlinga har vist at tilhørsle i eller identifikasjon med ulike sosiale grupper, sosio-kulturell orientering, kjensle av lokal tilhørsle og stadens etnolingvistiske vitalitet og posisjon, alle er heilt avgjerande faktorar for å forstå dei varierande språklege vala ungdom på Røros og Tynset gjer.

11.5 Vidare forsking

Bruk av korrespondanseanalyse har, etter mi meining, vist seg å svært fruktbar i arbeidet med dette forskingsprosjektet, og det er ein metode som det vil vere interessant å utforske vidare i nye sosiolingvistiske studiar. I mi avhandling har bruken av denne analysemetoden avslørt ein del samanhengar som eg neppe ville ha oppdaga elles. Den multivariate tilnærminga viste t.d. at det er mogleg å avgrense særskilde sosiale og språklege praksisfelt. Dessutan viste den at dei ulike språklege variablane verka vere sensitive i høve til ulike sosiale dimensjonar. Trykkplassering på førstestaving i importord såg til dømes ut til å ha ei særskild maskulin kunngjeringskraft – særleg på Røros, medan dette ikkje i same grad var tilfelle for dei andre lokale språktrekka på dei to plassane (jf. kap. 9, pkt. 9.2.9). Det var dessutan ikkje slik at den nivellerte varianten av denne variabelen hadde ei utprega feminin utsegnskraft. Analysen genererer på denne måten ein hypotese om at den lokale varianten av dette trekket har verdien [+maskulin] på Røros, men at den nivellerte varianten av trekket *ikkje* på tilsvarande måte har verdien [+feminin]. Dette mønsteret var ikkje like tydeleg hos tynsetungdomane. Det at trykkplassering på førstestaving i importord ikkje har like stor maskulin lading på Tynset som på Røros, illustrerer at trekkets symbolske innhald er arbitrært.

I vidare sosiolingvistiske studiar ville det vere interessant å granske nettopp den sosiale kunngjeringskrafta til ulike språktrekk, og å undersøkje om visse sosiale dimensjonar er særleg utslagsgivande i høve til visse språktrekk. Dessutan vil det vere av interesse å sjå om ein kan finne dei same eller tilsvarande språkleg-sosiale praksisfelt også andre stader. Generelt vil det vere ei utfordring for nye sosiolingvistiske studiar å utforske vidare dei moglegheitene som ligg i bruken av denne multivariate statistiske analysemetoden, og då gjerne på eit større sosiolingvistisk materiale enn det som har vore tilgjengeleg i mitt prosjekt.

Innafor TEIN-prosjektet, som denne avhandlinga er ein del av, har hovudinteressa vore å studere dialektnivellering, regionalisering og regionaliseringsprosessar. Dermed er det i

hovudsak mellomstore bygdebyar og meir rurale område som har stått i sentrum for forskingsinteressa. No er det likevel på tide å rette blikket mot større urbane senter – dvs. mot dei områda vi gjerne går ut frå at er dei viktigaste språklege normsentra i landet. Det er no snart 30 år sidan dei største byane i Noreg var gjenstand for breitt utforma sosiolingvistiske granskingar. Det vil etter mi meining vere ei vesentleg utfordring for framtidig norsk sosiolingvistikk å utvikle ny kunnskap om dei språklege praksisformene som er i bruk i det mangfaldige urbane landskapet, og kartleggje kva det er som kjenneteiknar byens språklege repertoar. I Oslo er det, slik eg ser det, særlig eitt studieområde som peikar seg ut som viktig og interessant – nemleg studiet av språkbruk og språklege praksisformer i multietniske ungdomsmiljø – først og fremst med tanke på dei variantane av norsk som blir brukte i desse miljøa. Ideen om at det eksisterer ein eigen multietnisk dialekt – såkalla "kebab-norsk" eller "volla-norsk" – kan sjå ut til å ha etablert seg i den norske offentlegheita. Men den norske språkbruken i desse fleirspråklege miljøa er eit så å seie uutforska felt her til lands. Her ligg det såleis mange interessante og viktige oppgåver for vidare sosiolingvistisk og dialektologisk forsking i åra framover.